



27. juni 2016

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
v/Sissel Brusegård
Askedalen 2
6863 Leikanger

Søknad om godkjenning - nye programområder

Etter etterspurnad og initiativ frå lokalt næringsliv søker Nordfjord Opplæringskontor med dette om godkjenning som tverrfagleg opplæringskontor for programområda Service og Samferdsel og Teknikk- og industriell produksjon. Kontoret er tidlegare godkjent for programområdet Helse og Oppvekstfag, samt fagområda kontor- og administrasjonsfaget og salsfaget.

Nordfjord Opplæringskontor vart stifta 7. oktober 2015, og godkjent som opplæringskontor i Sogn og Fjordane av fagopplæringsnemnda 28. Oktober 2015. Arbeidet med utviklinga av opplæringskontoret vart starta i januar 2016. Opplæringskontoret har i løpet av kort tid etablert fleire medlemsavtaler i Nordfjord, og har mellom anna teke over ansvaret for Stryn Kommune sine helsefaglærlingar. Vidare har kontoret vore ein aktiv pådrivar for å skape fleire nye læreplassar og lærebedrifter i Nordfjord i denne perioden. Eit arbeid som vil halde fram, og intensiverast ytterlegare. Kontoret er etablert for å gje næringsliv og lærlingar i Nordfjord best mogeleg støtte i utdanningsløpet og for å sikre fleire lærebedrifter og læreplasser i Nordfjord. Vi ser allereie no ei positiv effekt både for medlemsbedrifter og lærlingane våre.

Nordfjord har eit mangfaldig næringsliv, og nærleiken til tenestene som eit opplæringskontor kan tilby synest å vere viktig både for bedrift og lærling uavhengig bransje. Opplæringskontoret er i dag underlagt styret til Stryn Næringsssamskipnad, og vil løpet av sommaren 2016 etablere eit eige styre for opplæringskontoret. Styret vil spegle dei fagområda kontoret til ei kvar tid jobbar i.

I lys av dette ynskjer opplæringskontoret å stette næringslivet sine ynskjer om eit lokalt opplæringskontor som kan operere i fleire fagområder enn kontoret er godkjent for i dag. Nordfjord Opplæringskontor søker difor om godkjenning for programområda Service og Samferdel og Teknikk og industriell produksjon.

Vi vonar på ei positiv behandling av søknaden og at Nordfjord Opplæringskontor på denne måten kan halde fram si positive utvikling, med mål om å skape flest mogeleg lærebedrifter og læreplasser i Nordfjord.



**Nordfjord
Opplæringskontor**

Med vennleg helsing
for Nordfjord Opplæringskontor

sign.
Tom-Øyvind Solheim
Dagleg leiar

sign.
Anita Vinsrygg
Styreleiar

Vedlegg til søknaden:
Utgreiing om satsing i reiselivsaget
Vedtekter for Nordfjord Opplæringskontor